



# Kvalitetsmelding del 1 og 2

Vidaregåande opplæring 2020/21

# Innhald

Kvalitetsmelding del 1 og 2 .....	3
Del 1: .....	4
Kap. 1 Føringar og kunnskapsgrunnlag.....	7
Kap. 2 Forny og Forbetre – Auka gjennomføring .....	11
Kap. 3 Grunngevingar og vurderingar .....	28
Del 2: .....	31
Kap. 4 Resultat skuleåret 2020-21 .....	32
Kap. 5 Vurderingar i lys av Forny og Forbetre – Auka gjennomføring .....	43
Vedlegg del 1 .....	45
Vedlegg del 2.....	62

# Kvalitetsmelding del 1 og 2

Kvalitetsmeldinga (del 1 og 2) for vidaregåande opplæring 2020-21 er den første i Vestland fylkeskommune etter fylkessamanslåinga. For at kvalitetsmeldinga skal vere oppdatert med siste tilgjengelege data, såg ein det som føremålstenleg å dele meldinga i to delar. Dette sidan resultat frå undersøkingar og statistikk ligg føre på ulik tid.

Del 1 viser Vestland fylkeskommune sitt kvalitetssystem for vidaregåande opplæring. Dei ulike måla og strategiane i *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring* er i meldinga sett i samanheng med erfaring, forskning og statistisk kunnskapsgrunnlag fram til og med skuleåret 2019/20, samt resultat frå første termin (T1) 2021. Til slutt peikar del 1 på kva prioriterte tiltak den vidaregåande opplæringa bør fornye og forbetre for å auke gjennomføringa.

Del 2 gjer i all hovudsak greie for resultat for skuleåret 2020/21. Kvalitetsmeldinga blir avslutta med ei samla vurdering av kunnskapsgrunnlaget og vegen vidare i arbeidet med *Fornye og Forbetre - Auka gjennomføring*.

Meldinga har statistikkvedlegg som utdjupar resultatata.

# Del 1:

## Overblikk

Tal elever og lærlingar Vestland fylkeskommune

Forkorting	Utdanningsprogram	Tal elever 2019/20	Tal elever 2020/21	Tal lærlingar 2020
BA	Bygg- og anleggsteknikk	1 134	1142	1521
DH	Design og handverk	269	128	189
EL	Elektro og datateknologi	1 188	1187	1209
FBIE	Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign		107	
HO	Helse- og oppvekstfag	2 294	2340	1061
HDP	Handverk, design og produktutvikling		54	
ID	Idrettsfag	930	912	
IM	Informasjonsteknologi og medieproduksjon		78	
KDA	Kunst, design og arkitektur	269	285	
MK	Medium og kommunikasjon	485	422	
MDD	Musikk, dans og drama	488	471	
NA	Naturbruk	787	722	252
Pb	Påbygging til generell studiekompetanse	1 185	1148	
RM	Restaurant- og matfag	313	324	192
SSR	Sal, service og reiseliv		321	
SS	Service og samferdsel	698	340	543
ST	Studiespesialisering	7 808	7820	
TIP/TIF	Teknologi- og industrifag	1 786	1786	1294
<b>Samla</b>		<b>19 634</b>	<b>19587</b>	<b>6265</b>

Tabell 1: Tal elever og lærlingar i Vestland, offentlege skular. Kjelde: Udir.

Utfyllande statistikk om skuleåret 2019/20, samt resultat for T1 2020/21 kan du sjå [her](#).

# Samandrag

Innhaldet i kvalitetsmeldinga skal gje skuleeigar grunnlag for vurdering, dialog og debatt omkring kvalitetsutvikling av vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.

I Vestland fylkeskommune sitt kvalitetssystem er dialog og oppfølging berande element for kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling. Kvalitetssystemet skal involvere alle i skulesamfunnet og sikre eit likeverdig opplæringstilbod. Eit vesentleg element i kvalitetssystemet er kvalitets- og utviklingsplanen for vidaregåande opplæring, *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring*. Føremålet med måla og strategiane som er presenterte i planen, er at fleire skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Denne målsetjinga speglar også innhaldet i kvalitetsmeldinga.

Dei ulike måla og strategiane i *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring* er i meldinga sett i samanheng med erfaring, forskning og statistisk kunnskapsgrunnlag. Brukarerfaringar, underbygd av forskning, gir større sannsyn for å lykkas med dei satsingane eit set i verk, og samspelet i og mellom struktur-, prosess- og resultat kvalitet er vesentleg for kontinuerleg fornying og forbetring av vidaregåande opplæring.

Det er mange og samansette årsaker til at elevar og lærlingar ikkje fullfører vidaregåande opplæring, og kvalitetsmeldinga peikar til slutt på nokre få sentrale utfordringar som både forskning og erfaring, gjennom tiår, har peika på som vesentlege for at elevar og lærlingar skal fullføre utdanninga si:

- Trivsel -ein føresetnad for fagleg utbytte
- Grunnskulepoeng -stor tyding for resultat i vidaregåande opplæring
- Gode overgangar -for tryggleik og rette val
- Skulen i samfunnet -for eit framtidretta Vestland

# Innleiing

Opplæringslova § 13-3e pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten, her kalla kvalitetsmelding, skal drøftast av skuleeigar, som i Vestland fylkeskommune er fylkestinget.

## Målsetjing

Kvalitetsmeldinga skal ligge til grunn for vurdering, dialog og debatt, og gi skuleeigar eit godt grunnlag for vidare kvalitetsutvikling.

Kvalitetsmeldinga byggjer på kvalitets- og utviklingsplanen for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring*. Måla og strategiane i denne planen tek utgangspunkt i Vestland fylkeskommune sin visjon «nyskapande og berekraftig» og verdiane «modig, open og kompetent».

*Fornye og forbetre – Auka gjennomføring* skal ivareta heilskap og samanheng i lærings- og utviklingsarbeidet, og har ei gjennomgåande målsetting om å auke fagleg og sosial læring for kvar einskild elev og lærling. Denne målsetjinga speglar også målet med kvalitetsmeldinga.

Meldinga gir eit grunnlag for å vurdere kva tiltak skuleeigar skal prioritere for å auke kvaliteten i vidaregåande opplæring. Gjennom informasjon om tilstanden skal aktørane saman analysere, vurdere, revurdere og utvikle kvaliteten i opplæringa slik at fleire gjennomfører.

Denne meldinga er første utgåve etter fylkessamanslåinga og er eit kunnskapsgrunnlag for arbeidet med å utvikle det første handlingsprogrammet til måla- og strategiane for den vidaregåande opplæringa i Vestland fylkeskommune. Det nye

handlingsprogrammet skal vise skuleeigar sine prioriterte tiltak og ligge til grunn for skulane sine utviklingsarbeid. I seinare meldingar vil gjennomføringa av tiltaka i handlingsprogrammet bli drøfta i lys av måla.

Kvalitetsmeldinga kjem i to delar. Denne rapporten, som er del 1, gir eit historisk perspektiv fram til og med skuleåret 2019/20, samt resultat frå første termin (T1) 2021. Del 2, som kjem i november, vil i all hovudsak gjere greie for resultat for skuleåret 2020/21.

Meldinga har eit eige statistikkvedlegg som utdjuvar resultatata som er kommentert i dokumentet.

## Gjennomføring

Det er to viktige mål for gjennomføring – fullført og bestått per skuleår, og fullført og bestått med sluttkompetanse etter 5/6 år. Det siste gir eit overordna bilete av effektiviteten til utdanningssystemet, og indikatoren er viktig i den langsiktige styringa av utdanningssektoren. For skulane sitt utviklingsarbeid er indikatoren *fullført og bestått per skuleår* ein meir relevant og nyttig styringsindikator i utviklingsarbeidet.

I Vestland var det 87,6 % av elevane som fullførte og bestod skuleåret 2019/20, av desse var det 90,1 % ved studieførebuande utdanningsprogram og 85,5 % ved yrkesfaglege utdanningsprogram. Ser ein på dei enkelte utdanningsprogramma innanfor yrkesfag har elektrofag høgast fullført og bestått med 93,9 %, medan restaurant og matfag har lågast med 76,2 %. Historisk oversikt over fullført og bestått per utdanningsprogram kan ein finne [her](#)

I samband med [Meld. St. 21 \(2020-2021\)](#) og fullføringsreforma er Regjeringa sitt mål at minst ni av ti skal fullføre og bestå vidaregåande

opplæring i 2030 (90 %). Dette betyr i praksis at ni av ti elever og lærlingar skal fullføre og bestå med sluttkompetanse. Dersom ein ser på elevane som starta i vidaregåande opplæring (vgo.) i 2013/14, var det 77,7 % av elevane/lærlingane frå gamle Hordaland og 83,1 % av elevane/lærlingane frå gamle Sogn og Fjordane som fullførte og bestod skulegangen med sluttkompetanse. Tilsvarende tal nasjonalt var 78,0 %. (Kjelde Udir.no)

# Kap. 1

## Føringar og kunnskapsgrunnlag

### Dialog og oppfølging er berande elementet i kvalitetssystemet

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, samt stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest, jf. [opplæringslova § 13-10](#).

### Kvalitetssystemet for vidaregåande opplæring

Hovudmålet med kvalitetssystemet er å bidra til ei kontinuerleg kvalitetsutvikling der kjernen er læring og utvikling for den enkelte elev og lærling.

I rapporten [En skole for vår tid](#), påpeiker ekspertgruppa at:

«(...)Opplæringsloven gir skoleeiere og skoleledere ansvar for og handlingsrom til å utvikle lokale systemer for å vurdere og utvikle kvalitet i opplæringen. Beslutninger om hvilke kilder til informasjon som skal inngå, hvordan resultatene analyseres og følges opp, og hvordan og med hvilke aktører de drøftes, vil forme og gi retning for det lokale arbeidet med vurdering og utvikling av kvalitet. Hvordan handlingsrommet blir tolket, forstått og utnyttet, hvilke lokale systemer for kvalitetsutvikling som brukes, og hvilke tiltak som prioriteres og iverksettes, vil variere avhengig av skoleeiere og skolelederes kapasitet og kompetanse.»

Figuren nedanfor viser det nasjonale kvalitetsvurderings-systemet og er henta frå rapporten En skole for vår tid.

Overordnede områder for kvalitetsvurdering (jf. oppl. loven)	Informasjonskilder		Støttestrukturer		Informasjon fra internasjonale undersøkelser
	Sentrale informasjonskilder	Frivillige informasjonskilder	Tiltak for skoleutvikling	Portaler og verktøy	
Grunnleggende ferdigheter og læringsutbytte	Kartleggingsprøver		Desentralisert ordning for kompetanseutvikling	Mal for tilstandsrapport	CIVIC/ICC S
	Nasjonale prøver	Skolebidragsindikatorer	Oppfølgingsordningen	Grunnskolen informasjonssystem	TIMMS
	Karakterer	Foreldreundersøkelsen	Veilederkorps	RefLex	ICILS
Godt og inkluderende læringsmiljø	Grunnskolepoeng	Lærerundersøkelsen	Satsning på inkluderende barnehage- og skolemiljø	Prøvetjenesten PAS/PGS	PIRLS
	Elevundersøkelse	Lærebedriftundersøkelsen			PISA
	Lærlingundersøkelsen	Ekstern skolevurdering	Videreutdanning for lærere og skoleledere (Kompetanse for kvalitet)	Eksamenstjenesten	
Gjennomføring av vidaregåande opplæring	Skoleporten	Ståstedsanalysen	Videreutdanning for lærere og skoleledere (Kompetanse for kvalitet)	Rapporteringsportal for visning av resultater fra brukerundersøkelser	
	Udir.no/statistikk	Karakterstøttende prøver			
		Læringsstøttende prøver			

Lokale systemer og informasjonskilder for å vurdere, drøfte og utvikle kvalitet

Vestland fylkeskommune sitt kvalitetssystem for vidaregåande opplæring skal involvere alle i skulesamfunnet og omfatte dialog, samarbeid og medverknad mellom ulike aktørar i arbeidet med kvalitetsvurdering og – utvikling. Her inngår fleire interne og eksterne aktørar:

- Dei vidaregåande skulane
- Rettleiingstenesta
- Arbeids- og næringslivet, bedrifter og opplæringskontor
- Kommunar
- UH-sektoren og andre kompetansmiljø
- Nasjonale myndigheiter


Kvalitetssystemet skal ivareta behovet for eit breitt kunnskapsgrunnlag som er relevant for val av strategiar og avgjerder på ulike nivå, samstundes som samhandling mellom ulike aktørar og nivå vert styrka. Vestland

fylkeskommune ønskjer å praktisere kunnskapsutviklande møteformer og medskapande dialogar for å få ein produktiv utviklingskultur. Dialogen skal også vere eit utgangspunkt for å diskutere kvantitative resultat i ein lokal kontekst.

Vestland fylkeskommune har ansvar for eit mangfald av elevar og lærlingar, med eit stort spenn i føresetnader, behov, interesser og mål for utdanning og yrke. Kvalitetssystemet skal sikre eit likeverdig opplæringstilbod. Opplæringa skal gi kunnskap, dugleik og haldingar slik at alle elevar og lærlingar meistrar liva sine og kan delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. ([Opplæringslova § 1-1](#))

## Kvalitetssystemet i Vestland

I mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2025 er elementa som ligg til grunn for å bygge god kvalitet og forbetre resultat, skissert (figuren til høgre). Samspelet i og mellom struktur-, prosess- og resultat kvaliteten motiverer for kontinuerleg fornying og forbetring. Til dømes vil samspelet mellom tydelege roller, klare spelereglar (struktur) og eit trygt og godt læringsmiljø (prosess) vere eit godt grunnlag for læring og utvikling (resultat).




Dei ulike rollene i kvalitetsutviklingsystemet for Vestland:

	Roller	Oppgåver/ansvar
<b>Politisk nivå</b>	Sikre kvalitet i vidaregåande opplæring gjennom politiske vedtak med bakgrunn i eit breitt kunnskapsgrunnlag.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Overordna ansvar og skuleeigar</li> </ul>
<b>Fylkesadministrasjon/ Avdelingsdirektør</b>	<p>Vere bindeledd mellom politisk skuleeigar og skulane som pedagogisk og institusjonelt nivå.</p> <p>Set i verk og følgjer opp dei politiske vedtaka.</p> <p>Skal sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for politiske vedtak.</p> <p>Utarbeide styringsdokument og følgje opp kvalitetsarbeidet i skular, rettleiingsteneste og opplæringskontor/lærebedrifter.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avdelingsdirektøren sin kvalitetsdialog med <ul style="list-style-type: none"> <li>Skulane</li> <li>Rettleiingstenestene</li> <li>Opplæringskontor/lærebedrifter</li> </ul> </li> <li>Utarbeiding av styringsdokument og handlingsprogram. Sørgje for brei involvering på alle nivå.</li> <li>Områdeleiar sin leiarsamtale med rektor/leiar rettleiingsteneste; oppfølging av kvalitetsdialog.</li> <li>Skulevurdering – ansvar, gjennomføring og oppfølging.</li> </ul>
<b>Dei vidaregåande skulane</b>	Bruke kunnskapsgrunnlaget til å leie og forbetre eiga verksemd i dialog internt og med samarbeidspartar. Arbeide med kvalitet i undervisning og vurdering.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide med å følgje opp resultat frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa.</li> <li>Oppfølging av resultat frå 1. halvår for å auke gjennomføringa.</li> <li>Oppfølging av resultat frå skuleåret for å auke gjennomføringa.</li> <li>Gjennomføre tilstandsvurderingar og drive kontinuerleg utviklingsarbeid med utgangspunkt i skulen sin utviklingsplan. Årleg revidering av utviklingsplan.</li> <li>Følgje opp tiltak ein blei samde om i avdelingsdirektøren sin kvalitetsdialog.</li> </ul>
<b>Rettleiingstenestene (RLT)</b>	Bruke kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kvalitet i opplæring og førebyggjande og tilbakeførande oppfølging for elevar, lærlingar og ungdom utanfor opplæring og arbeid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføre tilstandsvurderingar og drive kontinuerleg utviklingsarbeid med utgangspunkt i rettleiingstenesta sitt utviklingsplan. Årleg revidering av utviklingsplan.</li> <li>Følgje opp tiltak ein blei samde om i avdelingsdirektøren sin kvalitetsdialog.</li> </ul>
<b>Lærebedrifter</b>	Bruke kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kvalitet i oppfølging av lærlingar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide med å følgje opp resultat frå lærlingundersøkinga.</li> </ul>

Kvalitet- og styringsdokumentet *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring* ligg til grunn for systematisk kvalitetsutvikling. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse sikrar forpliktande arenaer og kunnskapsgrunnlag for kvalitetsarbeid gjennom skuleåret.

## Årshjul for systematisk kvalitetsarbeid



### Kunnskapsgrunnlag

Til grunn for kvalitetsdialogane ligg ulike datakjelder, dokumentasjon, kunnskap og faglege vurderingar. Dei kvantitative tala i denne kvalitetsmeldinga bygger på data frå analyseverktøyet Hjernen & Hjertet<sup>1</sup> (H&H), UngData og Utdanningsdirektoratet sine verktøy.

Elev- og lærlingundersøkingane er verktøy for vidareutvikling og kvalitetssikring av lærings- og arbeidsmiljøet på skulen og i bedrift, og er ein av fleire informasjonsskjelder som skulen har til rådvelde i sitt breie kunnskapsgrunnlag. Undersøkingane inngår, saman med anna

skulestatistikk, som ein sentral del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet.

Dialog og oppfølging, som er dei berande elementa i Vestland sitt kvalitetssystem, skal medverke til at kvantitative resultat blir belyst saman med kunnskap og erfaringar. Dette skal utførast i ein bestemt kontekst, som til dømes ein vidaregåande skule, eit avgrensa geografisk område, eit spesifikt utdanningsprogram eller ei utdanningsretning.

<sup>1</sup> Alle tal i del 1 kjem frå Hjernen&Hjertet og er henta frå uttrekket som kom 28.mai 2021. Del 2 har tal som er

oppdatert frå 22. oktober 2021. Oppdateringar etter dette kan føre til justerte tal.

# Kap. 2

## Fornye og Forbetre

### – Auka gjennomføring

---

*Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland*

---

Opplæringa sitt doble oppdrag, **danne og utdanne**, gjer vidaregåande opplæringa til ein sterk og viktig tenesteleverandør og samfunnsutviklar.

Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring set krav til at opplæringa skal vere i kontinuerleg utvikling, «strekke seg» og auke kvaliteten på opplæringa slik at fleire gjennomfører.

I dette kapittelet ser ein mål og strategiar i samanheng med erfaring, forskning og aktuelle kunnskapsgrunnlag.

**Mål1:** Elevar og læringar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.

**Mål2:** Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen

**Mål 3** Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning

**Mål 4.** Vidaregåande opplæring er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeidsliv

## Mål 1

Elevar og læringar i Vestland har det beste opplæringsstilbudet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.

### Strategiar:


- 1.1. Alle elevar og læringar er og kjenner seg likeverdige, blir sett og har reell medverknad
- 1.2. Tillit, respekt og krav er grunnmuren i læringsmiljøet
- 1.3. Fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar kvalifiserer fleire

Kvaliteten i læringsfellesskapet og reell medverknad i eiga opplæring er vesentleg for at eleven og lærlingen lærer og utviklar seg. Læring er ein aktiv prosess som vert stimulert i eit samspel mellom alle deltakarar i læringsarenaen, og for at dei lærande skal klare å gjennomføre læringsoppgåvene er det avgjerande med eit støttande læringsmiljø (Hattie 2012).

I eit godt psykososialt læringsmiljø er alle velkomne i fellesskapet og kjenner seg likeverdige fagleg, sosialt og kulturelt. Dette stiller krav til skular og lærebedrifter, og til kvar person si evne og vilje til å bygge gode relasjonar med utgangspunkt i menneske sin eigenart og likeverd.

UngData undersøkinga for vidaregåande opplæring i Vestland 2021 viser at dei fleste elevane meiner at skulen er ein god stad å vere. 72 % av elevane i fylket er *svært nøgd* eller *litt nøgd* med skulen dei går på, medan det nasjonalt er 69 %. Samstundes er det 12 % av elevane i Vestland som er *svært misnøgd* eller *litt misnøgd* med skulen dei går på, medan det nasjonalt er 14 %.

### Kor nøgd er du med skulen du går på?



Figur: 1 Ungdata.. «Kor nøgd er du med skulen du går på?» Prosent

Elevundersøkinga viser stabile resultat både for trivsel og motivasjon dei siste åra. Av desse områda er det trivsel som har høgast tal.

### Trivsel og motivasjon hos elevar

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18
Trivsel	4,2	4,2	4,2	4,2
Motivasjon	3,6	3,6	3,6	3,6

Tabell 2: Resultat frå elevundersøkinga. Kjelde: H&H

Resultata per utdanningsprogram er stabile dei siste åra, medan resultata varierer noko meir mellom det enkelte utdanningsprogram. [Sjå her for fleire resultat.](#)

UngData-undersøkinga viser også at dei fleste elevane trivst på skulen. Figur 2 nedanfor viser at 89 % av elevane i fylket seier at dei er *einige* eller *litt einige* i at dei trivst på skulen.

Samstundes seier 24 % av elevane at dei er *heilt einige* eller *litt einige* i at dei gruer seg til å gå på skulen.

På grunn av store endringar i spørsmåla i lærlingundersøkinga er det ikkje mogleg å samanlikna årets resultat med tidlegare svar, men ein kan likevel sjå at resultatata som omhandlar trivsel og motivasjon er stabile over tid.

### Trivsel og motivasjon hos lærlingane

	2020/21
Trivsel	4,2
Motivasjon	4,2

Tabell 3. Resultat frå lærlingundersøkinga. Kjelde: H&H

[Sjå her for alle resultatata i lærlingundersøkinga.](#)

Tal frå både elevundersøkinga og UngData viser at dei fleste elevane opplever at lærarane bryr seg om dei. I elevundersøkinga seier 78,7 % av elevane at dei opplever at *alle* eller *dei fleste* lærarane bryr seg om dei, medan i UngData-

undersøkinga svarer 83 % at dei er *heilt einige* eller *litt einige* i at lærarane bryr seg om dei.

I lærlingundersøkinga svarer 87,9 % av lærlingane at dei i svært stor grad eller nokså stor grad, får hjelp og støtte i arbeidet sitt dersom dei treng det.

### Prosentvis svar på ulike spørsmål kring skulen, UngData




Fig 2: Svar på spørsmål kring skule Kjelde: UngData

Spørsmål frå elev- og lærlingundersøkinga som omhandlar medverknad og støtte frå lærarar og arbeidsplass:

### Frå elevundersøkinga

Støtte frå lærarane	Alle	Dei fleste	Nokre få	Berre ein	Ingen
Opplever du at lærarane dine bryr seg om deg?	26,6 %	52,1 %	17,8 %	2,1 %	1,4 %
Opplever du at lærarane dine har tru på at du kan gjere det bra på skulen?	33,2 %	49,1 %	15,1 %	1,5 %	1,1 %
Når eg har problem med å forstå arbeidsoppgåver på skulen, får eg god hjelp av lærarane	31,4 %	50,5 %	15,6 %	1,5 %	0,9 %
Opplever du at lærarane behandlar deg med respekt?	43,8 %	44,4 %	10,0 %	1,1 %	0,7 %

Tabell 4: Svar på spørsmål kring støtte frå lærarane, elevundersøkinga 2020/21. Kjelde: H&H

Elevdemokrati og elevmedverknad	I alle eller dei fleste fag	I mange fag	I nokre fag	I svært få fag	Ikkje i nokon fag
Er de elevar med på å foreslå korleis de skal arbeide med faga?	11,20 %	27,80 %	38,30 %	18,70 %	4,00 %
I kor mange fag får du vere med på å velje arbeidsmåtar i faga?	6,70 %	24,70 %	43,30 %	21,80 %	3,50 %
Oppmuntrar lærarane til at elevane kan vere med på å bestemme korleis de skal arbeide med faga?	8,60 %	25,90 %	40,70 %	21,50 %	3,30 %

Tabell 5: Svar på spørsmål kring elevdemokrati og elevmedverknad, elevundersøkinga 2020/21 Kjelde: H&H

## Frå lærlingundersøkinga

Medverknad, rettleiing og eigenvurdering	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
I kva grad deltek du i planlegging av arbeidet ditt?	4,4 %	9,2 %	19,9 %	43,2 %	23,4 %
I kva grad deltek du i vurdering av arbeidet ditt?	2,9 %	5,4 %	19,9 %	48,6 %	23,1 %
I kva grad klarer du sjølv å avgjere om du har løyst ei arbeidsoppgåve på ein fagleg god måte?	0,6 %	2,0 %	10,6 %	59,8 %	27,0 %
I kva grad får du tilbakemelding på arbeidet ditt, slik at du kan bli betre i faget?	3,0 %	5,2 %	16,1 %	45,4 %	30,3 %
I kva grad får du hjelp og støtte i arbeidet du gjer dersom du treng det?	1,0 %	3,3 %	7,8 %	39,1 %	48,8 %
I kva grad dokumenterer du arbeidet ditt i opplæringsbok, logg, nettside, mobil, app eller liknande?	9,3 %	14,4 %	22,9 %	35,5 %	18,0 %

Tabell 6: Svar på spørsmål kring medverknad, rettleiing og eigenvurdering, lærlingundersøkinga 2020/21 Kjelde: H&H

Tabell 5 og 6 ovanfor viser svar frå elev- og lærlingundersøkinga om elevane og lærlingane sin medverknad på skule og i arbeid. 39 % av elevane seier at dei får vere med å foreslå korleis dei skal arbeide med faga i *alle fag, dei fleste fag* eller *mange fag*, medan 22,7 % svarar i *svært få fag* eller *ikkje i nokon fag*. I spørsmål til elevane om kor mange fag dei får vere med å velje arbeidsmåtar i, svarar 31,4 % i *alle fag, dei fleste fag* eller *mange fag*. 25,3 % svarar i *svært få fag* eller *ikkje i nokon fag*.

66,6 % av lærlingane svarer at dei i *svært stor grad* eller *nokså stor grad* deltek i planlegging av eige arbeid, medan 13,6 % svarer i *svært liten grad* eller *nokså liten grad*. 71,7 % seier at dei i *svært stor grad* eller i *nokså stor grad* deltek i vurdering av arbeidet sitt, medan 8,3 % svarer i *svært liten grad* eller *nokså liten grad*.

I elevundersøkinga har resultatane vore stabile dei siste åra. I ekspertrapporten for skolebidragsindikatorer *En skole for vår tid*, er elevmedverknad trekt fram som ein av dei viktige faktorane som kjenneteiknar skular med stabilt og høgt skulebidrag:

*Skoleledere og lærere sier at de er nysgjerrige, vitebegjærlige og vil lære mer. De vektlegger medborgerskap og demokrati, betrakter skolen som en «treningsarena» for livet og praktiserer elevmedvirkning i utstrakt grad. Selv om de har mye elevmedvirkning, vil de ha mer. For det andre er skolelederne svært synlige og tett på arbeidet med skoleutvikling og kontinuerlig oppmerksomme på skolens sosiale og faglige læringsmiljø.*

Trivsel, psykososial helse og inkluderende fellesskap er grunnmuren for å bygge eit godt læringsmiljø kjenneteikna av vennskap og relasjonar til jamaldrande og relasjonar mellom elev og lærar. I tillegg er læraren si leiing av klassar og undervisningsforlaup, elevsyn og forventningar til læring trekt fram som viktige for å skape gode og trygge læringsmiljø (Thomas Nordahl, 2015).

### Mobbing på skulen

Færre elevar melder at dei vert mobba, men nullvisjonen er ikkje nådd. 2,8 % av elevane

melder at dei er blitt mobba av medelevar og/eller digitalt mobba av nokon på skulen og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Indikatoren viser del prosent elevar som opplever mobbing 2-3 gongar i månaden eller oftare.

Av personvernomsyn har Udir. prikk fleire av resultatane. Det er difor ikkje samleresultat for design og handverk, frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign, eller informasjons-teknologi og medieproduksjon.

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18
Bygg- og anleggsteknikk	2,5	6,4	6,0	6,8
Design og handverk		6,2	4,6	3,3
Elektro og datateknologi	3,1	3,7	5,5	4,9
Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign				
Helse- og oppvekstfag	2,7	3,9	3,8	4,0
Handverk, design og produktutvikling				
Idrettsfag	2,9	1,9	2,2	3,6
Informasjonsteknologi og medieproduksjon				
Kunst, design og arkitektur	4,9	2,8	2,4	1,4
Medium og kommunikasjon (ME)	6,5	6,8	7,0	5,4
Musikk, dans og drama	1,7	3,7	2,3	3,1
Naturbruk	3,6	1,7	6,8	4,7
Påbygging	1,9	2,9	2,7	2,6
Restaurant- og matfag	4,1	5,1	6,4	12,0
Sal, service og reiseliv	2,6			
Service og samferdsel	5,9	5,7	4,7	5,0
Studiespesialisering	1,9	2,7	2,6	3,5
Teknologi- og industrifag	5,1	6,0	6,0	6,7
<b>Total</b>	<b>2,8</b>	<b>3,7</b>	<b>3,8</b>	<b>4,3</b>

Tabell 7. Mobbing. Spørsmåla om mobbing har ein skala frå 0-100 og beste resultat er 0. Kjelde: Hjernene og Hjertet

Indikatoren er bygd på [kva elevane har svart](#) på dei ulike spørsmåla om mobbing.

## Mobbing på arbeidsplassen

Indikatoren viser del lærlingar som har svart bekreftande på om ein blir mobba på arbeidsplassen dei siste månadene. For at ein lærling skal reknast som mobba må lærlingen ha svart at hen blir mobba 2 eller 3 gonger i

månaden, omtrent 1 gong i veka eller fleire gonger i veka. Tidlegare var mobbspørsmålet og spørsmål om uønska seksuell trakassering slått saman til ein indikator og resultat for 2018/19 og 2019/20 låg då på 4,3 og 5,0.

Mobba på arbeidsplassen	Gutar	Jenter	Totalt
Bygg- og anleggsteknikk	3,4	8,0	3,7
Design og handverk		0,0	0,0
Elektrofag	1,4	0,0	1,8
Helse- og oppvekstfag	0,0	2,4	1,9
Naturbruk	3,0	0,0	2,3
Restaurant - og matfag	3,3	5,0	4,1
Service og samferdsel	2,0	0,0	1,1
Teknikk og industriell produksjon	2,7	3,4	2,9
<b>Totalt</b>	<b>2,4</b>	<b>2,3</b>	<b>2,5<sup>2</sup></b>

Tabell 8: Spørsmåla om mobbing har ein skala frå 0-100 og beste resultat er 0. Skuleåret 2019/20. Kjelde: H&H

2,5 % av lærlingane melder om mobbing på arbeidsplassen. Det er stor variasjon mellom utdanningsprogram og kjønn.

### Uønska seksuell merksemd på arbeidsplassen

Totalt er det 1,1 % av lærlingane som melder om uønska seksuell merksemd, men det er store variasjonar mellom kjønn og utdanningsprogram. Mellom anna melder 8 % av jentene innan bygg- og anleggsteknikk om

uønska seksuell merksemd. Vidare melder 66,7 % at dei har fortalt om dette til nokon i bedrifta, og 65,2 % melder at det er gjort noko for å få slutt på dette. Utdanningsprogram med få jenter eller gutar vil kunne få store utslag ved få svar. Til dømes er det berre 25 jenter frå bygg og anleggsteknikk som har svart på undersøkinga (445 gutar). 8 % av jentene svarar at dei har vore utsett for uønska seksuell merksemd, noko som utgjør 2 lærlingar totalt.

Uønska seksuell merksemd	Gutar	Jenter	Total
Bygg- og anleggsteknikk	0,4	8,0	0,8
Design og handverk		2,3	2,0
Elektrofag	0,2	2,8	0,6
Helse- og oppvekstfag	0,0	1,4	1,1
Naturbruk	0,0	0,0	0,0
Restaurant - og matfag	0,0	2,5	1,4
Service og samferdsel	3,0	4,6	3,4
Teknikk og industriell produksjon	0,3	3,4	1,1
Total	0,4	2,4	1,1

<sup>2</sup> Grunnen til at snittet for gutar og jenter blir høgare enn tala for jenter og gutar er at 85 lærlingar ikkje har oppgitt kjønn, og for desse melder 5,9 % om mobbing på arbeidsplassen.



## Mål 2

Eit godt samansett lag utviklar eleven, lærlingen og skulen

### Strategiar:

2.1. Elevane og lærlingane har gode læringsvilkår og utviklar evnene sine

2.2. Elevane og lærlingane får nødvendig støtte hjå kompetente vaksne

Læraren og instruktøren sin kompetanse og samspel med eleven og lærlingen gir fagleg, sosial og personleg utvikling.

Rapporten [Frafall i videregående opplæring \(2015\)](#) seier at skal relasjonar vere gode må det vere eit støttande læringsmiljø, i tillegg til eit opent og tillitsfullt forhold mellom elevane, lærlingane og dei som har ansvar for dei. Eit støttande læringsmiljø må kombinerast med klåre krav og forventningar, slik at dei lærande veit kva dei har å halde seg til. Dette samsvarer med det professor Edvin Bru (2013) seier er vesentleg for å skape motivasjon, lærelyst og meistring. Dette blir også støtta av mellom anna ekspertgruppa for skulebidragsindikatorar: «Skolens læringsmiljø er fundamentet for ledelsens organisering av samarbeid for vedvarende utvikling»

I Stortingsmeldingane [Motivasjon - Mestring - Muligheter \(2010-2011\)](#) og [På rett veg \(2012-2013\)](#) blir verdien av samspelet mellom elevane sin trivsel og læring framheva. Meldingane legg særleg vekt på kor viktig trivsel og motivasjon er for læringsvilkår og meistring.

### Resultat frå elevundersøkinga

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18
Meistring	3,6	3,6	3,6	3,6
Motivasjon	3,6	3,6	3,6	3,6
Trivsel	4,2	4,2	4,2	4,2

Tabell 10: Resultat elevundersøkinga. Kjelde: H&H

Resultata viser stabile tal over tid, både for meistring, motivasjon og trivsel. Sjå meir [her](#).

[Med rett til å mestre \(NOU 2019/25\)](#) peikar også på at det sosiale og faglege samspelet mellom dei ulike aktørane i læringsarenaen, elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar, spelar ei viktig rolle for læringsutbytte og auka gjennomføring.

Tabellane under syner kor mange elevar som har fullført og bestått alle fag dei siste tre åra, samt samla karakterresultat for dei ulike utdanningsretningane. Tala gjeld for heile Vestland og syner at det er ein auke i prosent elevar som fullfører og består alle fag, og at det er ein auke i det totale karakterresultatet. I særleg grad er det påbygg som har auke både i fullført og bestått og i karakterresultat.

## Fleire får fullført og bestått.

	Gjennomføring		
	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	90,1	87,0	87,6
Påbygg	79,9	69,5	71,2
Yrkesfag	85,8	81,8	82,8
<b>Total</b>	<b>87,6</b>	<b>83,7</b>	<b>84,5</b>

Tabell 11. Fullført og bestått dei siste tre åra. Kjelde: H&H.

## Karakterresultata går opp

	Karakterresultat		
	2019/20	2018/19	2017/18
Studieførebuande	4,33	4,17	4,15
Påbygg	3,99	3,66	3,58
Yrkesfag	4,00	3,94	3,85
<b>Total</b>	<b>4,17</b>	<b>4,04</b>	<b>3,99</b>

Tabell 12. Samla karakterresultat dei siste tre åra. Kjelde: H&H

Sjå [her](#) for å sjå fullføring og karakterresultat per utdanningsprogram..

For skuleåret 2019/20 var det ein auke i karakterresultata både for Vestland og nasjonalt. I rapporten [Undervisnings- og vurderingssituasjonen i videregående skole våren 2020](#) har Rambøll, etter oppdrag frå KS, undersøkt korleis standpunkt-karakterane i vidaregåande skule vert påverka av nedstengninga våren 2020 grunna korona. Her følgjer nokre av hovudfunna:

«For det første er det flere informanter, både skoleledere, lærere og elever, som trekker frem at de pga. avlyst skriftlig eksamen opplevde å få mer tid til å gjennomgå pensum. Flere informanter reflekterer rundt at skriftlig eksamen i avgangsfagene tradisjonelt tar mye tid og ressurser fra øvrig undervisning, både i form av rent praktiske forberedelser og gjennomføringen, men også fordi flere lærere bruker undervisningstid i forkant på å «preppe» elevene på hvilke typer oppgaver som kan komme osv. Uten eksamen fikk dermed lærerne mer tid til å konsentrere seg om pensum, og mer tid til

repetisjon. Flere informanter gir uttrykk for at de opplevde dette som svært positivt for elevenes læringsutbytte».

«Videre var det flere forhold rundt situasjonen våren 2020 som bidro til at lærerne opplevde et behov for å innføre flere vurderingspunkter (muntlige- og skriftlige prøver og innleveringer) enn i en normalsituasjon. Ifølge flere informanter var dette en fordel for flere elever, som da fikk mulighet til å vise egen kompetanse ved flere anledninger enn tidligere».

«For det tredje er det flere lærere som oppgir at de opplevde at det var en tydelig uttalt ambisjon fra sentralt hold og ledelse om at den digitale undervisningen ikke skulle få negative konsekvenser for elevene. Mange opplevde at elevene ble satt i en veldig vanskelig situasjon med digital undervisning hjemme, og flere gir inntrykk av at de opplevde en slags velvillighet til å la tvilen komme elevene til gode. I tvilstilfeller ble derfor kanskje en større andel av elevene vippet opp en karakter, enn i en normalsituasjon».

## Strukturelle læringsvilkår

I ein analyse utført av [SSB](#) viser dei at, i tillegg til grunnskulepoeng, er det å komme inn på ønska utdanningsprogram og skule ein viktig faktor for å fullføre vidaregåande opplæring. Analysen viste at fullføringsgraden minskar og del elevar som sluttar aukar, når elevane startar på eit utdanningsprogram lenger nede på ønskelista. Dette betyr igjen at karriererettleiing og rett dimensjonering er ein medverkande faktor for å få 9 av 10 til å fullføre og bestå. I førsteinntaket til vidaregåande skule 2021/2022 var det 84 % av søkjarane med ungdomsrett som kom inn på

førsteønsket sitt for både programområde og skule.

Analysen frå SSB viser vidare at for dei som startar på yrkesfag, er del elevar som gjennomfører gjennomgåande mindre, uansett kva ønske dei får innfridd, men fullføringsgraden på normert tid er som forventa høgast hos dei som får oppfylt sitt førsteønske. Kvar fjerde elev som startar på yrkesfag og ikkje får oppfylt første ønske sitt, sluttar undervegs. For elevar på yrkesfag er det å få læreplass den viktigaste faktoren for å fullføre.

## Noko færre søkjarar får læreplass

Gode læringsvilkår krev også at ein får læreplass, slik at ein får moglegheit til gjennomføre læretida. Tabellen under syner prosent søkjarar til læreplass som fekk kontrakt dei to siste åra.

	2020	2019
BA	86,6	87,1
DH	77,5	80,2
EL	78,8	75,7
HO	72,3	72,9
NA	85,4	85,9
RM	69,7	84,4
SS	64,8	75,4
TIP	77,8	81,3
<b>Alle</b>	<b>77,2</b>	<b>79,7</b>

Tabell 13: Søkjarar som fekk læreplass dei siste to åre. Kjelde: Udir.

Tabellen over syner blant anna at innan bygg- og anlegg fekk 86,6 % av søkjarane læreplass i 2020, noko som var den høgaste prosentdelen også i 2019.

Rapporten [En skole for vår tid \(2021\)](#), seier at kjenneteikn på skular som har høgt bidrag til elevane si læring er at leiinga og lærarane har høge ambisjonar på eigne og elevane sine vegne, og meiner at alle skal yte. Lærarane og leiinga samarbeider undersøkjande for å utvikle betre praksis. Dei har også stor merksemd på overgangar mellom trinn og skuleslag-

Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein formidlingsplan som viser det systematiske arbeidet dei ulike aktørane i sektoren har for å jobbe for elevane på yrkesfag skal få læreplass. Heile planen kan ein sjå [her](#).

## Mål 3

Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning

### **Strategiar:**

3.1. Elevane og lærlingar har samanheng og tryggleik i alle overgangar.

3.2. Skule og lærebedrift er likeverdige og gjensidige læringsarenaer

Alle overgangar mellom nivå og skuleslag kjem i tillegg til alle andre endringar ungdom går igjennom. Gode system knytt til overgangane både frå grunnskule til vidaregåande, mellom trinna i vidaregåande og overgang til lære er viktige for å sikre gjennomføring.

Informasjon og samhandling mellom skular og mellom skule og arbeidsliv, aukar moglegheitene for at fleire elevar og lærlingar kan ta aktivt del i eiga opplæring. God karriererettleiing gjer unge og vaksne kjende med kva eigenskapar, interesser og kompetanse dei har og kva moglegheiter som ligg i arbeidslivet. Karriererettleiing medverkar til gode og eigenreflekterte val.

Arbeidslivet er ein sentral læringsarena for å gi elevane kompetanse som arbeidslivet etterspør.


Kjennskap til arbeidslivet og eit systematisk formidlingsarbeid vil lette overgangen frå opplæring til arbeidsliv. Vestland fylkeskommune har ein godt utarbeidd formidlingsstruktur. Her inngår mellom anna læreplassekneskapet som verktøy skulen skal nytte til å førebu og formidle elevane til arbeidslivet. Det er utarbeidd ein formidlingskalender med jamleg statusoppdatering. Skulane har fått auka ansvar når det gjeld formidling av elevar til lære.

Stor merksemd på overgang mellom trinn og skuleslag er eit kjenneteikn på skular som har høge skulebidrag, jf. Ekspertutvalet for skulebidrag [En skole for vår tid](#)


Figurane under viser overgangane frå skuleåret 2019/20 til 2020/21 for dei yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogramma. Statistikken viser status for elevar året etter at dei var registrert i vidaregåande opplæring. Status blir målt 1. oktober året etter at dei gjekk

i vg1 eller vg2. Dei gule pilane viser del elevar som repeterer same trinn eller som har gjort omval. Dei raude pilane viser del elevar som fell ut gjennom skuleåret og mellom skuleåra. Tala er henta frå Udir. sin overgangsstatistikk.

### Overgangar frå 2019/20 til 2020/21 for elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram



### Overgangar frå 2019/20 til 2020/21 for elevar i studieførebuande utdanningsprogram



Oppfølgingstenesta (OT) har blant anna som oppgåve å fange opp elevar som fell utanfor opplæring. [Her](#) kan ein sjå kor mange ungdommar som er registrert i OT på siste

rapporteringstidspunkt, og kva tilbod dei har fått. Figuren over viser at overgangen frå vg2 yrkesfag er den mest kritiske overgangen.

Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Grunnane er kompliserte og samansette; som til dømes ubalanse mellom

- utdanninga elevane søker og arbeidslivet sitt behov
- rapportert kompetansebehov frå arbeidslivet i nåtid og arbeidskrafta dei etterspør i framtid

Arbeidslivet er ein sentral læringsarena for å gi elevane den kompetansen arbeidslivet etterspør, og rettleiing er viktig når elevane skal gjere val. God karriererettleiing gjer unge og vaksne kjende

med kva eigenskapar, interesser og kompetanse dei har, og kva moglegheiter som ligg i arbeidslivet. Karriererettleiing medverkar til gode og eigenreflekterte val.


### Overgang frå vg2 yrkesfag

Tabellen under syner status 2020/21 for dei elevane som gjekk på vg2 yrkesfag skuleåret 2019/20. Samla sett er det 12,8 % som ikkje er i lære eller under opplæring. Som ein kan sjå er det relativt store variasjonar når det gjeld kven som tek påbygg, der helse- og oppvekstfag er oppe i heile 53,6 %

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
Bygg- og anleggsteknikk	62,7 %	0,0 %	1,0 %	15,6 %	7,6 %	13,1 %
Design og handverk	29,9 %	10,4 %	16,9 %	20,8 %	9,1 %	13,0 %
Elektrofag	46,7 %	2,8 %	24,8 %	14,5 %	4,0 %	7,1 %
Helse- og oppvekstfag	23,4 %	1,7 %	3,6 %	53,6 %	6,3 %	11,5 %
Naturbruk	26,0 %	0,0 %	26,7 %	28,9 %	6,6 %	11,7 %
Restaurant - og matfag	55,8 %	0,0 %	0,0 %	8,4 %	9,5 %	26,3 %
Service og samferdsel	32,1 %	0,6 %	12,1 %	28,2 %	7,6 %	19,4 %
Teknikk og industriell produksjon	65,7 %	5,1 %	1,6 %	6,8 %	6,8 %	13,9 %
<b>Total</b>	<b>42,7 %</b>	<b>2,2 %</b>	<b>8,7 %</b>	<b>27,0 %</b>	<b>6,6 %</b>	<b>12,8 %</b>

Tabell 13. Overgang etter Vg2 yrkesfag. Kjelde: Hjernens og Hjertet

### Overgangar frå vg2 ut frå karaktersnitt




Figur 3. Status etter Vg2 ut frå karaktersnitt. Kjelde: H&H

Grafen til venstre viser dei same elevane som i tabellen over, men då ut frå karaktersnitt. Grafen syner at for dei som har karakterresultat på 25 eller lågare er 40 % korkje i lære, eller i anna form for opplæring året etter dei gjekk på vg2 yrkesfag. 80 % av elevane på vg2 yrkesfag og som hadde karakterresultat på 60 eller meir, har gått vidare til påbygg.

Oversikt over tal lærlingar, nye kontraktar, søkjarar som har fått læreplass, samt tal fag- og sveinebrev finn ein [her](#). Oversikt over tal lærlingar, nye kontraktar, søkjarar som har fått læreplass, samt tal fag- og sveinebrev finn ein [her](#).

## Sluttarar

Tabellen til høgre viser skulesluttarar per utdanningsprogram dei siste åra. Grafen under viser at det er stor samanheng mellom grunnskulepoeng og kven som sluttar i vidaregåande opplæring. Den vertikale linja syner prosentvise sluttarar ut frå horisontal linje – som er grunnskulepoeng. Tala er for skuleåret 2019/20. Dess lågare grunnskulepoeng, dess større sjanse er det for at eleven sluttar.



Figur 4. Sluttarar fordelt på grunnskulepoeng. Kjelde: H&H

	2019/20	2018/19	2017/18
BA	4,3	3,7	4,0
DH	7,5	12,4	11,5
EL	1,7	2,0	1,8
HO	5,2	5,2	5,6
ID	1,5	0,9	0,3
KDA	2,6	3,8	4,9
MK	6,1	4,1	5,5
MDD	2,3	2,0	2,0
NA	4,6	3,4	3,7
Pb3	5,6	7,9	7,3
Pb4	4,3	4,5	5,4
RM	7,9	13,6	8,9
SS	6,3	6,7	8,1
ST	1,8	2,3	1,9
TIP	4,4	5,1	7,4
<b>Samla</b>	<b>3,3</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>

Tabell 14 Tal sluttarar siste tre åra. Kjelde: H&H

tabellen under ser ein stor skilnad mellom utdanningsretningane og grunnskulepoeng. Til dømes har 80 % av elevane på studieførebuande utdanningsprogram grunnskulepoeng på 40-45 eller meir, medan tilsvarende tal for yrkesfag er 36 %.

## Fordeling grunnskulepoeng pr utdanningsretning (tal for 2020/21)

	0,1-25	25-30	30-35	35-40	40-45	45-50	50-55	55-60
Studieførebuande utdanningsprogram	0 %	1 %	4 %	10 %	22 %	29 %	22 %	7 %
Påbygging til generell studiekompetanse	1 %	6 %	17 %	23 %	21 %	15 %	9 %	2 %
Yrkesfaglege utdanningsprogram	5 %	10 %	19 %	24 %	20 %	11 %	4 %	1 %
<b>Samla</b>	<b>2 %</b>	<b>5 %</b>	<b>11 %</b>	<b>17 %</b>	<b>21 %</b>	<b>20 %</b>	<b>14 %</b>	<b>4 %</b>

Tabell 15. Fordeling grunnskulepoeng. Kjelde: H&H

## Heving av kontraktar

Årsakskode	Tal hevingar 2020	Tal hevingar 2019	Tal hevingar 2018
Annan årsak/ikkje oppgitt	59	55	85
Brudd på arbeidslivets regler	20	30	24
Covid-19	2		
Feilval	59	76	59
Flytta	39	30	16
Fått arbeid	12	12	10
Personlege årsaker	97	131	109
Økonomiske årsaker	10	6	6
<b>Sum</b>	<b>298</b>	<b>340</b>	<b>309</b>

Tabell 16: Oversikt over hevingsårsaker dei tre siste åra. Kjelde: Vigo.

## Mål 4

Vidaregåande opplæring er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeidsliv

**Strategiar:**

4.1. Dei vidaregåande skulane er eit fagleg og sosialt utviklingsmiljø som gir idear rom til å vekse

4.2 Dei vidaregåande skulane medverkar til levande lokalsamfunn og sentrumsområde.

Norsk arbeidsliv er i endring og eigenskapar som samarbeid, kreativitet, fleksibilitet og evne til å ta sjølvstendige val blir peika på som viktige kompetansar og ferdigheiter for å tilpasse seg nye krav og forventningar i framtida (Elevenes læring i framtidens skole (2014)).

Læreplanverket sin [Overordna del \(2017\)](#) seier at opplæringa skal la elevane og lærlingane utfolde skaparglede, engasjement og utforskartrøng, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsette idear til handling.

Gjennom varierte læringsarenaer kan skulen gi elevane praktiske og livsnære erfaringar som fremjar motivasjon og innsikt.

Engasjementet til lokalmiljøet og samfunnet kan medverke positivt til utviklinga av skulen og elevane.

Vidaregåande skular har samarbeid med til dømes kommunar, næringsliv og idrett og er viktige bidragsytarar til eit levande lokalsamfunn. Samfunns-, arbeids- og næringsliv er sentrale samarbeidspartar for at opplæringa skal bli praksisnær.

Vidaregåande opplæring er ein utviklingsarena der elevar og lærlingar får (...)tileigne seg og nytte kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking (kompetanseomgrepet, 2017).



Taste of  
**Måløy**  
UE

Taste of  
**Måløy**  
UE

**SI**  
Sikkerhetssenteret  
Måløy vidaregåande

Taste of  
**Måløy**  
UE

# Kap. 3

## Grunngjevingar og vurderingar

---

*For å få en bedre forståelse av frafall – og for å sette inn treffsikre politiske tiltak – er det nødvendig å lytte til disse personenes egne erfaringer og opplevelser. Det er utilstrekkelig å forstå frafallsproblematikken i lys av at det enten er en feilende skole eller slappe elever (Fafø-forskerne Kaja Reegård og Jon Rogstad, 2013)*

---

Dei føregåande kapitla gir grunnlagsmateriell til skuleeigar sine drøftingar og vurderingar om kva prioriterte tiltak vidaregåande opplæring bør fornye og forbetre for å auke gjennomføringa.

Regjeringa sitt mål er at ni av ti skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring innan 2030, og Vestland fylkeskommune må ta mål av seg til å nå dette talet langt tidlegare.

Det er viktig å sjå kvalitetsutviklinga i samanheng med styrings- og kvalitetsverktøyet *Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring* og det tilhøyrande handlingsprogrammet. I arbeidet med å finne verknadsfulle handlingar og tiltak er erfaringsbasert kunnskap særskild viktig. Brukarerfaringar, underbygd av forskning, gir større sannsyn for å lykkas med dei satsingane ein set i verk.

---

*Det å variere undervisningsmetodar i tillegg til at læraren ser kvar enkelt elev er viktig for at elevane skal kunne ha ein høg grad av trivsel i undervisninga. Elevråd vgs.*

---

Kvalitetsmeldinga gir grunnlag for at skuleeigar saman med sektoren kan analysere, vurdere, revurdere og gi føringar for utarbeiding av tiltak (handlingsprogrammet) som kan fornye og forbetre opplæringa slik at 90 % fullfører opplæringa si.

Det er mange og samansette årsaker til at elevar og lærlingar ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Dette kapitlet vil likevel framheve nokre få sentrale utfordringar som både forskning og erfaring, gjennom tiår, har peika på som vesentlege for at elevar og lærlingar skal fullføre utdanninga si:

- Trivsel - ein føresetnad for fagleg utbytte
- Grunnskulepoeng - stor tyding for resultat i vidaregåande opplæring
- Gode overgangar - for tryggleik og rette val
- Skulen i samfunnet - for eit framtidretta Vestland

## Trivsel - ein føresetnad for fagleg utbytte

«Trygge læringsmiljø blir utvikla og haldne ved lag av tydelege og omsorgsfulle vaksne, i samarbeid med elevane (Overordna del, 2017)»

---

*For at opplæringa skal ha høg grad av trivsel, så er det viktig at der er god relasjon mellom elev og lærar  
Elevråd vgs.*

---

At alle elevane og lærlingane skal trivast på skulen og arbeidsplassen er eit viktig mål i seg sjølv. § 9A i opplæringslova gir alle ein individuell rett til eit miljø som fremjar trivsel.

Elevundersøkinga har gjennom mange år vist eit stabilt og godt resultat på trivsel. Likevel treng ikkje eit stabilt resultat bety «godt nok», men tvert om syne at struktur- og prosesskvaliteten må fornyast og forbeholdt slik at resultatet aukar. Resultata på mobbing og seksuell trakassering syner også at arbeidet med trivsel og læringsmiljø er særskilt viktig.

Eit god og inkluderande læringsmiljø der alle trivst, er positivt for elevane og lærlingane si sosiale og personlege utvikling. Eit læringsmiljø med høg grad av inkludering og involvering fremjar ikkje berre læring, men medverkar også til at elevane og lærlingane blir trygge, kreative og sjølvstendige. Desse eigenskapane er vurderte som viktige for framtidens samfunns- og arbeidsliv.

Forskning har peika på at relevans, medverknad og emosjonell støtte har tydeleg samheng med motivasjon, trivsel og læring, der støtte frå lærar/instruktør er viktigast. Emosjonell støtte handlar i stor grad om at eleven og lærlingen skal kjenne seg sett og verdsett, og at læraren/instruktøren har tru på at dei kan meistre oppgåva (Nina Simonsen, 2019). Tilbakemeldingane frå elevane og lærlingane støttar dette.

---

*Viktig at den kompetente vaksne ser alle, møter alle med eit smil, er inkluderande, open, påliteleg. Viktig at alle seier god morgon!  
Lærling 2021*

---

## Grunnskulepoeng – stor tyding for resultat i vidaregåande opplæring

Overordna del av læreplanverket peikar på at elevane møter skulen med ulike erfaringar, forkunnskapar, haldningar og behov.

Audas og Willms (2001) peikte allereie for 20 år sidan på samanhengen mellom låge grunnskulepoeng og gjennomføring av vidaregåande opplæring.

Når en ungdom slutter i vidaregåande er det sjelden en brå og plutselig bestemmelse. Det er snarere et resultat av et langvarig negativt forhold til skole og utdanning med lavt engasjement og svake skoleprestasjoner.

For å skape motivasjon og læringsglede trengs eit breitt repertoar av læringsaktivitetar og -ressursar.

---

*Trivsel i klasserommet er når vi får variert undervisning og varierte vurderingsmetodar.  
Elevråd vgs.*

---

God strukturkvalitet gjennom fleksible og differensierte opplærings- og undervisningsordningar, saman med høg grad av sosial støtte og elev/lærlingmedverknad (prosesskvalitet), vil legge til rette for læring og stimulere den einskilde sin motivasjon, lærelyst og tru på eigen meistring.

Vidaregåande opplæring skal gi alle likeverdige moglegheiter til læring og utvikling, uavhengig av føresetnadane deira.

## Gode overgangar – for tryggleik og rette val

*Fornye og Forbetre – Auka gjennomføring* peikar på at det er viktig med gode system knytt til overgangane både frå grunnskule til vidaregåande, mellom trinna i vidaregåande og overgang til lære for å auke gjennomføringa.

God strukturkvalitet kring informasjon og samhandling mellom ungdomsskule og vidaregåande skule er viktig for at fleire elevar aukar moglegheitene sine for å gjennomføre vidaregåande opplæring. I skulane er det ulike aktørar som på kvar sitt vis har ansvar og oppgåver knytt til elevane si gjennomføring og trivsel. Eit godt kompetanselag kring eleven bidreg til at den enkelte elev får tilpassa opplæring og gode overgangar mellom skuleslaga og mellom trinna i vidaregåande opplæring.

---

***Et godt sammensatt lag starter allerede på skolen. Viktig med gode lærere, rådgivere, god kunnskap om valg en skal ta. Det å ha fokus på lærlingen og eleven sin sterke sider og interesser.***  
***Lærling***

---

God karriererettleiing gjer unge og vaksne kjende med kva eigenskapar, interesser og kompetanse dei har og kva moglegheiter som ligg i arbeidslivet. Ein god strukturkvalitet som legg opp til karriererettleiing på ulike nivå i opplæringa, kan medverke til gode prosessar og eigenreflekterte val.

I [Meld. St. 21 \(2020-2021\)](#), fullføringsreforma er god karriererettleiing framheva som nøkkelen til å gjere gode val både for ungdom og vaksne:

(...) Det er derfor viktig at unge og vaksne både får god veiledning når de skal gjøre valg om VGO, valg underveis i opplæringsløpet og om videre utdanning. Alle trenger også å tilegne seg kompetanse til å gjøre valg og håndtere overganger i utdanning og arbeid, såkalt karrierekompetanse (...)

Overgang frå vg2 yrkesfag til lære er den mest kritiske overgangen. Ein god og implementert struktur på formidling av elevar til lære er difor viktig. Vestland fylkeskommune har utarbeidd høg kvalitet på formidlingsstruktur, som til dømes læreplassrekneskapet som er utvikla i fylket. Bruk av dialog og oppfølging som det berande element er viktig for at formidlingskvaliteten skal bli fornya og forbetra.

## Skulen i samfunnet – for eit framtidretta Vestland

Samfunnsoppdraget for Vestland seier at vi skal setje retning, engasjere og samhandle for å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland. Opplæringa sitt oppdrag, danne og utdanne, rangerer den vidaregåande opplæringa som ein sterk og viktig tenesteleverandør og samfunnsutviklar.

Dei vidaregåande skulane skal vere viktige og offentlege rom som er opne og tilgjengelege for elevar, lærlingar og lokalsamfunn. Eit gjensidig samarbeid mellom skule, samfunn og arbeidsliv, vil medverke til ei framtidretta opplæring.

# Del 2:

## Overblikk

### Hovudresultat

<b>Fullført og bestått dei 5 siste åra: (%)</b>	<b>2020-21</b>	<b>2019-20</b>	<b>2018-19</b>	<b>2017-18</b>	<b>2016-17</b>
<b>Total</b>	<b>88,7</b>	<b>87,6</b>	<b>83,7</b>	<b>84,5</b>	<b>83,3</b>
<b>Karaktersnitt dei 5 siste åra:</b>	<b>2020-21</b>	<b>2019-20</b>	<b>2018-19</b>	<b>2017-18</b>	<b>2016-17</b>
<b>Total</b>	<b>4,20</b>	<b>4,17</b>	<b>4,04</b>	<b>3,99</b>	<b>3,97</b>
<b>Oversikt sluttarar dei 5 siste åra: (%)</b>	<b>2020-21</b>	<b>2019-20</b>	<b>2018-19</b>	<b>2017-18</b>	<b>2016-17</b>
<b>Total</b>	<b>2,9</b>	<b>3,3</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>	<b>4,2</b>
<b>Mobbing på skulen (%)</b>	<b>2020-21</b>	<b>2019-20</b>	<b>2018-19</b>	<b>2017-18</b>	<b>2016-17</b>
<b>Total</b>	<b>2,8</b>	<b>3,7</b>	<b>3,8</b>	<b>4,3</b>	

**Fullført og bestått:** Skuleåret 2020/21 fullførte 88,7 % av elevane. Det er ei auke på 1,1 prosentpoeng frå førre år og den høgaste fullføringsprosenten som er målt i Vestland. For studieførebuande utdanningsprogram var resultatet 90,3 %, for påbygg 85,3 % medan det for yrkesfaga var 87,3 %

**Karakterresultat:** Gjennomsnittskarakterane har økt for kvart år dei siste fem åra og ligg for skuleåret 2020/21 på 4,2.

**Sluttarar:** For skuleåret 2020/21 var det 2,9 % av elevane som slutta i løpet av skuleåret, noko som er den lågaste registreringa dei siste fem åra. For studieførebuande utdanningsprogram var resultatet 1,7 %, for påbygg 5,0 %, medan det for yrkesfaga var 4,1 %

# Kap. 4

## Resultat skuleåret 2020-21

---

*Å fullføre vidaregåande opplæring gir ungdom og vaksne gode  
moglegheiter til å velje vegen vidare i livet.*

*Fullføringsreformen – Med opne dører til verden og framtiden*

---

Kvalitetsmeldinga skal gi eit grunnlag for å vurdere kva tiltak skuleeigar skal prioritere for å auke kvaliteten i vidaregåande opplæring. Gjennom informasjon om tilstanden skal aktørane saman analysere, vurdere, revurdere og utvikle kvaliteten i opplæringa slik at fleire gjennomfører. I del 1 er det vist til kunnskapsgrunnlag fram til og med T1 2021, i del 2 vert det presentert resultat for skuleåret 2020/21.

I skulane sine tilstandsrapportar vert det gjort ulike vurderingar av resultata og erfaringar rundt skuleåret 2020/21. Eit uval av desse vurderingane finn ein i kap. 4.

## Fullført og bestått

### Fleire fullførere

Det er to viktige mål for gjennomføring – fullført og bestått per skuleår, og fullført og bestått med sluttkompetanse etter 5/6 år. Det siste gir eit overordna bilete av effektiviteten til utdanningssystemet, og indikatoren er viktig for den langsiktige styringa av sektoren, jamfør [Fullføringsreforma – med åpne dører til verden og fremtiden](#). Målet i reforma er at ni av ti elevar og lærlingar skal fullføre og bestå med

sluttkompetanse. Kvalitetsmelding del 1 peiker på at «Vestland fylkeskommune må ta mål av seg til å nå dette talet langt tidlegare» og resultatane nedanfor viser ein svært positiv tendens mot målsetjinga i 2030. For skuleåret 2020/21 fullførte og besto 88,7 % av elevane på offentleg vidaregåande skule i Vestland. Det er ein auke på 1,1 prosentpoeng frå førre år og den høgaste fullføringsprosenten som er målt i Vestland. Tala gjeld for alle trinn samla sett.

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18	2016-17
Bygg- og anleggsteknikk	85,5	81,5	80,1	85,5	84,0
Design og handverk	83,2	79,3	66,8	71,0	65,4
Elektrofag	94,4	93,9	92,1	92,3	92,5
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	72,0				
Helse- og oppvekstfag	87,1	85,8	82,8	82,2	78,6
Haendverk, design og produktutvikling	59,4				
IT og medieproduksjon	83,1				
Idrettsfag	93,7	92,4	89,7	92,1	89,9
Kunst, design og arkitektur	82,3	85,7	83,5	78,7	86,1
Medium og kommunikasjon	82,7	76,8	72,8	71,9	74,8
Musikk, dans og drama	90,2	91,3	87,7	90,0	88,3
Naturbruk	88,4	91,5	84,8	89,1	81,7
Påbygg Vg3	82,3	80,8	65,5	67,9	64,9
Påbygg Vg4	92,4	77,8	78,9	80,5	78,0
Restaurant - og matfag	80,2	76,2	70,8	72,7	62,7
Sal, service og reiseliv	76,1				
Service og samferdsel	84,9	79,9	72,1	73,5	75,5
Studiespesialisering	90,6	90,7	87,6	87,8	87,4
Teknikk og industriell produksjon	88,1	84,9	80,4	79,1	79,6
<b>Total</b>	<b>88,7</b>	<b>87,6</b>	<b>83,7</b>	<b>84,5</b>	<b>83,3</b>

Tabell 16a: Fullført og bestått per utdanningsprogram dei siste fem åra. Kjelde: H&H

Resultat per skule finn ein [her](#)

### **Døme på skulane sine vurderingar kring fullføring:**

«Dei to siste åra, under pandemien, har svært mange elevar fullført og bestått ved skulen. Leiinga har tankar om at pandemien i seg sjølv også kan ha hatt verknad på det høge talet. Skulen har hatt eit stort fokus på vurderingsgrunnlag, frist for føring av standpunkt vart forlenga, fleire elevar vart tettare følgd opp og eksamen vart avlyst.»

«Målet for skulen er sjølv sagt at alle elevar skal fullføre. Samstundes kan ein sjå at vi har svært gode resultat knytt til gjennomføring ut frå føresetnadane. Det er også ein positiv utvikling samla sett. Variasjonen mellom år når ein bryt ned på enkeltprogram og lågare elevtal er ikkje større enn forventa. Oppfølginga av fråvær og reglane knytt til dette har vore annleis dette skuleåret på grunn av pandemien. Korleis dette har prega resultatene er usikkert, men vi ser ein positiv utvikling også på dette området. Vi har fokus på å utvikle god kultur for å følgje med på, og følgje opp elevresultat gjennom skuleåret. Dette gjeld særleg etter første termin. Dette arbeidet vart forsterka på grunn av pandemien, og det auka fokuset og ressursinnsatsen som denne førte med seg.»

«Gjennom heile skuleåret hadde vi fokus på å legge til rette for at elevane skulle ha moglegheit til vurderingsgrunnlag. Faste oppsamlingsdagar der elevar med fråvær frå vurderingssituasjonar kunne møte opp til nye vurderingar. Faglærarane følgde godt opp einskildelevar på slutten av året.»

«Generelt ser vi at det er store skilnader mellom utdanningsprogramma. Både gjennomføring og resultat har i nokon grad samanheng med inntakspoeng frå grunnskulen, men vi ser også at vi i stor grad greier å kompensere for låge inntakspoeng med ekstra støtte i dei mest utsette klassane. Elevar med minoritetspråkleg bakgrunn treng ekstra tid og tilrettelegging, og sjølv med god tilrettelegging vil nokre av elevane ha vanskar med å greie fag som matematikk og engelsk. Vi brukar mykje ressursar på å styrke undervisninga i dei aktuelle klassane med assistent/miljøfagarbeidar og/eller spesialpedagog. Miljøfagarbeidarar og -terapeutar støttar elevane både fagleg og sosialt og er inne i både fellesfag og praktiske programfag. Spesialpedagogane kan vere ei støtte for elevane, men også for lærarane når det gjeld å utarbeide tilpassa undervisningsopplegg.»

«Skolen arbeider aktivt og målrettet med at elevane skal ha mestringsopplevelser i skolearbeidet hver dag slik at en gjennom dette kan oppleve økt trivsel og økt motivasjon for læringsarbeidet. Det er også vært å merke seg at i samme tidsperiode har snittet på antall grunnskolepoeng økt noe hos våre elever.»

«Skulen sin hovudstrategi for å auke elevane si fullføring er å vere tett på eleven i alle fag gjennom heile skuleåret. Faglærarane melder raskt frå om det er noko som ikkje stemmer eller om eleven slit med noko fagleg. Kontaktlærar kallar då inn til klasselæarmøte, der ein går gjennom fagstatus i alle fag og blir einige om ev. ekstratiltak. Her er ressursteamet med. Ekstra tiltak kan vere digitale hjelpemiddel, tolærarsystem, ekstratimar, leksehjelp og hjelp til å strukturere skulekvardagen. I tillegg prøver vi å vere tett på eleven når det gjeld trivsel og inkludering. Elevar som trivst og føler seg trygge har gode føresetnader for læring og har overskot til å engasjere seg fagleg. På grunn av koronapandemien fekk vi ikkje gjennomført alle dei sosiale tiltaka som var planlagt dette skuleåret.»

## Færre sluttarar

For skuleåret 2020/21 var det 2,9 % av elevane som slutta i løpet av skuleåret, noko som er den lågaste registreringa dei siste fem åra. Her må det påpeikast at utdanningsprogrammet handverk, design og produktutvikling er eit nytt utdanningsprogrammet

med svært få elevar og difor vert prosentdelen sluttarar svært høg. I faktiske tal er det eit av utdanningsprogramma med færrest sluttarar, men prosentvis utgjør det heile 25 %.

Prosent sluttarar	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18	2016-17
Bygg- og anleggsteknikk	3,7	4,3	3,7	4,0	4,6
Design og handverk	6,4	7,5	12,4	11,5	9,1
Elektrofag	2,2	1,7	2,0	1,8	1,7
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	9,7				
Helse- og oppvekstfag	4,0	5,2	5,2	5,6	7,7
Handverk, design og produktutvikling	25,0				
IT og medieproduksjon	2,6				
Idrettsfag	0,8	1,5	0,9	0,3	1,2
Kunst, design og arkitektur	4,6	2,6	3,8	4,9	5,9
Medium og kommunikasjon	4,4	6,1	4,1	5,5	8,1
Musikk, dans og drama	3,1	2,3	2,0	2,0	2,9
Naturbruk	2,9	4,6	3,4	3,7	5,5
Påbygg Vg3	5,6	5,6	7,9	7,3	9,0
Påbygg Vg4	3,6	4,3	4,5	5,4	8,4
Restaurant - og matfag	7,3	7,9	13,6	8,9	13,5
Sal, service og reiseliv	12,6				
Service og samferdsel	4,5	6,3	6,7	8,1	8,1
Studiespesialisering	1,4	1,8	2,3	1,9	1,9
Teknikk og industriell produksjon	3,7	4,4	5,1	7,4	5,9
<b>Total</b>	<b>2,9</b>	<b>3,3</b>	<b>3,7</b>	<b>3,7</b>	<b>4,2</b>

Tabell 16b: prosent sluttarar dei siste fem åra. Kjelde: H&H

Resultat pr skule finn ein [her](#).

## Sluttårsaker

Under er ei oversikt over dei registrerte sluttårsakene dei siste fire åra. Årsakene til at elevar vel å avbryte opplæringa er gjerne samansette og kan passe i fleire av kategoriane. Det er til dømes ikkje lett å seie kva som kjem først av låg motivasjon, fråvær, personlege utfordringar og opplevinga av feilval.


Merk at oversikta gjeld berre reelle sluttarar. Kategoriane «byrja på annan skule», og «flytta» er anten feilføring frå skulane eller så har elevane ikkje begynt på det tilbodet som var tenkt. Desse elevane var i alle høve ikkje registrerte i opplæring i Vestland eller nokon annan plass i Noreg.

	2020/21	2019/20	2018/19	2017/18
Annan f.årsak/ikkje oppgitt	19,1 %	16,6 %	14,6 %	15,1 %
Fått arbeid	3,1 %	6,3 %	2,9 %	3,4 %
Byrja på annan skule	1,1 %	1,3 %	1,6 %	0,8 %
Flytta	2,4 %	1,8 %	1,6 %	3,8 %
Stort fråvær	14,5 %	15,0 %	15,2 %	18,9 %
Feilval	10,9 %	10,4 %	9,4 %	9,2 %
Lang reiseveg	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,1 %
Personlege årsaker	30,1 %	35,6 %	40,0 %	34,0 %
Skulelei/motivasjon	4,2 %	6,1 %	6,1 %	6,2 %
Utenlandsopphald	0,2 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Fagvanskar	0,2 %	0,0 %	0,4 %	0,3 %
Bytta nytt kurs same skule	0,5 %	0,5 %	0,1 %	0,1 %
Slutta, skal begynne i lære	1,5 %	1,6 %	0,6 %	2,0 %
Permisjon	12,3 %	4,8 %	7,3 %	5,9 %

Tabell 16c: Sluttårsaker dei siste åra. Kjelde: H&H

Under kan ein sjå samanhangen mellom grunnskulepoeng og sluttarar. I dei gruppene med låge grunnskulepoeng er det langt fleire prosent som

sluttar enn i dei gruppene med høge grunnskulepoeng.




Figur 4a: Sluttarar 2020/21 ut frå grunnskulepoeng. Kjelde H&H

Ambisjonen om 90 prosent gjennomføring er viktig. Utdanning og arbeid er grunnleggjande for å få økonomisk sjølvstende, personleg utvikling, sosiale nettverk og følgeleg hindre utanforskap. I tillegg veit vi at samfunnet treng meir arbeidskraft, og vidaregåande opplæring er ein sterk og viktig tenesteleverandør og samfunnsutviklar.

Som hevda i Kvalitetsmelding del 1 er årsakene til at elevar og lærlingar ikkje fullfører utdanninga si samansette, men tal viser at det er ein klar samanheng mellom grunnskulepoeng og fullføring. Samanhengen mellom grunnskulepoeng og fullført og bestått skuleåret 2020/21 for VLFK ser ein i figuren under.

### Samanheng mellom grunnskulepoeng og fullført og bestått skuleåret 2020/21



Figur 4b: Samanhengen mellom grunnskulepoeng og fullført og bestått skuleåret 2020/21. Kjelde: H&H

### Døme på skulane sine vurderingar kring sluttarar:

«Ein liten del av årsaka til at elevar sluttar er feilval (4,9 %). Skulen samarbeider tett med grunnskulane og elevane har både deltatt på utprøving og fått informasjon frå oss og frå eigen skule før dei skal velje programområde på Vg1. Vi har eit årshjul som styrer samarbeidet med kommune og grunnskulane i området, og meiner at vi har etablert ein god ordning for elevane sin overgang frå grunnskule til vidaregåande skule. Vi ser at årsakene stort fråvær, personlege årsaker, skulelei/motivasjon og årsak ikkje oppgitt, utgjer 68,4 % av oppgitt årsak av elevane som sluttar. I denne gruppa ser vi at ein stor del er elevar som ikkje har norsk som morsmål. Det er ei utfordring både for skulen og for elevane det gjeld at språkkunnskapen er så låg at dei ikkje har utbytte av undervisninga. Desse elevane kjem inn på vidaregåande skule, men har liten føresetnad for å få utbytte og å fullføre og bestå. Inntaket av elevar med svake norskferdigheiter er altså forklaringa på at ein del av dei sluttar.»

«Elevane som sluttar grunna høgt fråvær, er kjenneteikna med låge inntakspoeng. Desse elevane har og hatt utfordringar med høgt fråvær på ungdomsskulen. Overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring kan vera ein utfordring for enkelte elevar, særleg med tanke på fråværgrensa og krav om karakter i alle fag for å oppnå kompetansebevis. Vi har i samarbeid med ungdomsskulane laga ein handlingsplan der vi har som mål å gjera overgangen god. Vi har eit tett samarbeid og prøver å identifisere utfordringar tidlegast mogleg samt finna gode støttetiltak.»

«Når det gjeld elevar som sluttar, så syner tala omlag det same som i fjor. Skulen gjennomfører avklaringsamtalar med alle potensielle «fråfallselevar». OT deltek alltid i desse møta. Ein del av dei elevane som sluttar, ser vi har låge inntakspoeng og svake grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning. I tillegg har dei også helseutfordringar. I sum gjer dette at elevane vel å slutte.»

«Me har eit klart mål om å halda talet på sluttarar nede. Likevel er det kvart år elevar som sluttar. For oss er det viktig å følgja desse opp i prosessen dei går gjennom når dei vurderer å slutta. Me informerer om konsekvensar, og spør om korleis me kan hjelpa dei til å gjennomføra skuleåret. For nokre kan eit tilbod om å ta utdanninga over lengre tid vera ei løysing. Me greier difor å «redda» fleire. Å slutta treng ikkje vera så dramatisk for den einskilde. For nokre kan eit friår med arbeid i staden for skule vera ei god løysing. Nokre elevar gjer eit feilval, og greier å komma inn på eit programområde der dei vil lukkast betre. Me må likevel ha eit spesielt fokus på elevar som ser ut til å vilja slutta utan å ha noko anna å gå til. Samarbeid og dialog med føresette er alltid viktig i desse sakene.»

«Og ser me på sluttartala for dei enkelte utdanningsprogramma, ser me at også i år er det utdanningsprogrammet Restaurant- og matfag som har det høgaste sluttartalet (10,0) I all hovudsak skuldast dette eit høgt inntak av framandspråklege elevar til RM dette skuleåret. Mange av desse elevane har ikkje gode nok språk-ferdigheiter, nokre snakkar ikkje norsk og andre igjen har ikkje gjennomført noko skuleår i heimlandet. Sjølv om elevane fekk innvilga ekstra språkopplæring, valde mange elevar i denne gruppa å slutta ila av skuleåret.»

## Fullføringsstatus 2020/21

Under kan ein sjå fullstendig status for skuleåret 2020/21 og resultat for dei som ikkje fekk fullført og bestått. Dei som har fått

- Fullført ikkje bestått:  
Eleven har fullført heile utdanningsprogrammet men har ikkje bestått (karakteren 1 eller IB - ikke bestått) i eitt eller fleire fag.

- Manglande grunnlag:  
Eleven har ikkje fullført på grunn av at hen manglar grunnlag for vurdering (IV - ikkje vurderingsgrunnlag) i eitt eller fleire fag utan at dette skuldast vedtak om spesialundervisning og IOP, eller ikkje har møtt til eksamen.
- Held på med utdanninga:  
Eleven har ikkje fullført heile utdanningsprogrammet og held framleis på med opplæringa, eller er deltidelev.

	Fullført og bestått	Fullført og ikkje bestått	Manglar grunnlag	Alternativ opplæringsplan	Held på med utdanninga	Slutta
Bygg- og anleggsteknikk	85,5 %	1,9 %	4,3 %	0,7 %	3,9 %	3,7 %
Design og handverk	83,2 %	3,2 %	5,6 %	0,0 %	1,6 %	6,4 %
Elektrofag	94,4 %	2,0 %	0,9 %	0,1 %	0,3 %	2,2 %
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	72,0 %	4,3 %	9,7 %	0,0 %	4,3 %	9,7 %
Helse- og oppvekstfag	87,1 %	2,4 %	5,1 %	0,2 %	1,1 %	4,0 %
Handverk, design og produktutvikling	59,4 %	0,0 %	15,6 %	0,0 %	0,0 %	25,0 %
IT og medieproduksjon	83,1 %	1,3 %	13,0 %	0,0 %	0,0 %	2,6 %
Idrettsfag	93,7 %	2,4 %	1,9 %	0,0 %	1,3 %	0,8 %
Kunst, design og arkitektur	82,3 %	3,2 %	7,8 %	0,4 %	1,8 %	4,6 %
Medium og kommunikasjon	82,7 %	2,5 %	7,9 %	0,2 %	2,2 %	4,4 %
Musikk, dans og drama	90,2 %	1,5 %	2,8 %	0,0 %	2,4 %	3,1 %
Naturbruk	88,4 %	3,7 %	4,2 %	0,3 %	0,5 %	2,9 %
Påbygg Vg3	82,3 %	3,7 %	7,0 %	0,0 %	1,3 %	5,6 %
Påbygg Vg4	92,4 %	0,3 %	1,0 %	0,0 %	2,8 %	3,6 %
Restaurant - og matfag	80,2 %	3,0 %	7,8 %	0,4 %	1,3 %	7,3 %
Sal, service og reiseliv	76,1 %	6,1 %	4,5 %	0,0 %	0,8 %	12,6 %
Service og samferdsel	84,9 %	1,9 %	6,1 %	0,5 %	2,1 %	4,5 %
Studiespesialisering	90,6 %	2,0 %	4,1 %	0,1 %	1,7 %	1,4 %
Teknikk og industriell produksjon	88,1 %	2,6 %	3,7 %	0,4 %	1,5 %	3,7 %
<b>Total, 2020-21</b>	<b>88,7 %</b>	<b>2,3 %</b>	<b>4,3 %</b>	<b>0,2 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>2,9 %</b>

Tabell 16d: Fullføringsstatus skuleåret 2020/21. Kjelde: H&H

Resultat per skule finn ein [her](#).

## Høgare karaktersnitt

Tabellen under syner at gjennomsnittskarakterane har auka for kvart år dei siste fem åra og ligg no på 4,2.

	2020-21	2019-20	2018-19	2017-18	2016-17
Bygg- og anleggsteknikk	3,84	3,81	3,82	3,75	3,64
Design og handverk	3,87	3,72	3,62	3,55	3,57
Elektrofag	4,27	4,21	4,15	4,09	4,09
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	3,67				
Helse- og oppvekstfag	4,20	4,16	4,10	4,01	3,98
Handverk, design og produktutvikling	3,78				
IT og medieproduksjon	4,10				
Idrettsfag	4,35	4,33	4,10	4,17	4,13
Kunst, design og arkitektur	3,97	4,07	3,95	3,81	4,03
Medium og kommunikasjon	3,85	3,63	3,61	3,47	3,62
Musikk, dans og drama	4,45	4,42	4,29	4,23	4,15
Naturbruk	4,22	4,21	4,15	4,10	4,10
Påbygg Vg3	3,81	3,85	3,51	3,47	3,40
Påbygg Vg4	4,37	4,30	4,02	3,89	3,85
Restaurant - og matfag	3,76	3,76	3,67	3,57	3,38
Sal, service og reiseliv	3,73				
Service og samferdsel	3,77	3,70	3,75	3,56	3,65
Studiespesialisering	4,39	4,38	4,21	4,18	4,16
Teknikk og industriell produksjon	3,97	3,86	3,72	3,63	3,63
<b>Total</b>	<b>4,20</b>	<b>4,17</b>	<b>4,04</b>	<b>3,99</b>	<b>3,97</b>

Tabell 16e: Snittkarakter per utdanningsprogram dei siste fem åra. Kjelde: H&H

Resultat per skule finn ein [her](#).

Som nemnt i del 1 har koronasituasjonen påverka karakterresultata på fleire måtar. I rapporten [Undervisnings- og vurderingssituasjonen i videregående skole våren 2020](#) kan ein trekke ut nokre punkt som kan ha påverka resultata:

- Avlyst skriftleg eksamen førte til meir tid til å gjennomgå pensum
- Innføring av fleire vurderingspunkt slo positivt ut for mange elevar
- Ønske om å «la tvilen komme elevane til gode»
- Meir ro rundt og for elevane
- Moglegheit for støtte heimafrå

## Formidling til læreplass 2021

Per 20.10.2021 var 92,8 % av 2733 kvalifiserte søkjarar til læreplass formidla. 2035 av søkjarane kom direkte frå ein vidaregåande skule.

Utdanningsprogram	Søkjarar totalt	Formidla eige fylke	Formidla til andre fylker	Formidla totalt	% formidla	Godkjente kontraktar	Ikkje formidla
Teknologi- og industrifag	706	563	103	666	94,3%	619	40
Bygg- og anleggsteknikk	535	497	22	519	97,0%	477	16
Elektro og datateknologi	457	393	27	420	91,9%	388	37
Helse- og oppvekstfag	490	423	6	429	87,6%	401	61
Service og samferdsel	295	245	25	270	91,5%	223	25
Naturbruk	90	81	5	86	95,6%	82	4
Restaurant- og matfag	101	81	9	90	89,1%	83	11
Design og handverk	55	50	1	51	92,7%	44	4
IT og mediumproduksjon	2	2	0	2	100,0%	1	0
Frisør, blomst, interiør, eksponeringsdesign	1	1	0	1	100,0%	1	0
Sal, service og reiseliv	1	1	0	1	100,0%	1	0
<b>TOTALT</b>	<b>2 733</b>	<b>2 337</b>	<b>198</b>	<b>2 535</b>	<b>92,8%</b>	<b>2 320</b>	<b>198</b>

Tabell: 16f: Formidla til læreplass 2021. Kjelde: QlikSense.

Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse har i oppdragsbrev til dei vidaregåande skulane gitt dei ansvar for elevane sin overgang til lære. Dei vidaregåande skulane er viktige i arbeidet med å bygge gode lag rundt elevane slik at dei får den beste opplæringa. Formidling til læreplass krev at skulen jobbar systematisk med mål om læreplass frå eleven sin fyrste dag

i vidaregåande opplæring. Gjennom årets formidling har skular og administrasjon arbeidd systematisk, slik at ein kvar månad har hatt status på tal formidla elevar over til lære.

Tabellen over viser tal over alle som har søkt læreplass. Tabellen under viser status per 23. september 2021 berre for dei elevane som gjekk Vg2 yrkesfag 2020/21.

## Overgang frå vg2. Oppdatert 23. september

	Lære	Alternativ Vg3 i skule	Vg3 yrkesfag	Påbygg	Omval	Ikkje i opplæring
Bygg- og anleggsteknikk	58,5 %	0,0 %	0,0 %	12,2 %	3,7 %	25,6 %
Design og handverk	22,9 %	6,4 %	13,8 %	15,6 %	9,2 %	32,1 %
Elektrofag	46,3 %	0,0 %	25,7 %	10,4 %	3,3 %	14,3 %
Helse- og oppvekstfag	25,1 %	0,0 %	3,6 %	51,8 %	5,9 %	13,6 %
Naturbruk	26,4 %	0,0 %	20,1 %	26,4 %	3,3 %	23,8 %
Restaurant - og matfag	54,5 %	0,0 %	0,0 %	16,2 %	7,1 %	22,2 %
Service og samferdsel	36,5 %	0,0 %	0,0 %	25,1 %	5,1 %	33,2 %
Teknikk og industriell produksjon	57,8 %	1,1 %	1,8 %	8,5 %	6,6 %	24,2 %
<b>Total, 2020-21</b>	<b>41,6 %</b>	<b>0,4 %</b>	<b>6,8 %</b>	<b>24,8 %</b>	<b>5,3 %</b>	<b>21,0 %</b>

Tabell 16f: Status pr 23. september 2021 for dei elevane som gjekk Vg2 yrkesfag 2020/21Kjelde: H&H.

### **Døme på skulane sine vurderingar kring overgangar:**

«Overgang frå Vg2 yrkesfag til læretid var eit krevjande tema på våren 2021, på grunn av Covid19-pandemien. Ein del av elevane fekk ikkje moglegheit til å arbeide i opplæringsbedrifter i Yrkesfagleg fordjuping slik som normalt, og det var ein del usikkerheit i lærebedriftene.»

«Av alle elever som var ferdig med Vg2 yrkesfag våren 2021, totalt ca. 80, er det per slutten av august kun fem elever som er kvalifisert for vidare utdanningsløp som ikke er i aktivitet. Avdelingsleder for yrkesfag har sammen med rådgiver kalt dem det gjelder inn til samtaler i høst for å veilede de vidare.»

«Me kalla inn dei som ikkje hadde fått læreplass til eit møte i lag med NAV, RLT. Målet med møtet var å lage ein plan for vegen vidare for den enkelte. Elevar som sto utan tilbod hausten 2020 fekk stå som søkjarar og fleire fekk tilbod gjennom våren og sommaren 2021. For oss er det viktig å gje dei ungdommane som ikkje kvalifiserer seg etter to år på skulen, tid til å modnast, lære litt meir, samarbeide med NAV om praksisplass og etterkvart få på plass ein lærekontrakt.»

# Kap. 5

## Vurderingar

---

***Arbeidet i skulen må organiserast slik at det doble oppdraget  
vert sikra***

*En skole for vår tid  
(Ekspertgruppe for skolebidrag)*

---

*Fullføringsreformen – med opne dører til verden og fremtiden* viser til viktige utfordringar som hindrar kvalitet og auka fullføring i vidaregåande opplæring:

- VGO er i for liten grad tilpassa elevar med svake faglege føresetnadar
- Elevene er ikkje godt nok studieførebudd
- Fagopplæringa dekker ikkje elevane, lærlingane og arbeidslivet sitt behov godt nok
- VGO er i for liten grad tilpassa den mangfoldige elevgruppa
- VGO er ikkje godt nok tilpassa vaksne

Desse samsvarar i stor grad med dei utfordringane som kvalitetsmelding del 1 peikar på som vesentlege for at elevar og lærlingar i Vestland skal fullføre utdanninga si: Det viktigaste er


- Grunnskulepoeng - stor tyding for resultat i vidaregåande opplæring
- Gode overgangar - for tryggleik og rette val
- Skulen i samfunnet - for eit framtidsretta Vestland

og

- Trivsel – som ein føresetnad for fagleg utbytte

Kvalitet i opplæringa er avhengig av at læringsmiljøet er inkluderande.

Læreplanverket tydeleggjer verdiar og prinsipp som vidaregåande opplæring skal styre etter (Overordna del, 2017), og føreset gode system og strukturar, og ein profesjon som målber det å finne løysingar tilpassa eleven og lærlingen. Samspelet i og mellom struktur-, prosess- og resultatkvaliteten gir grunnlag for kontinuerleg fornying og forbetring.



Det samansette laget rundt elevane og lærlingane spelar ei vesentleg rolle for framgang i danning og utdanning på alle nivå.

Gode strukturar og gode relasjonar i samspel er avgjerande for å skape eit skule- og læringsmiljø som er inkluderande.

Nasjonale styresignal er å fjerne hindringar, snublesteinar og avgrensingar slik at det blir tydeleg at utdanningssystemet si oppgåve er å gi ungdom og vaksne det tilbudet dei treng for å fullføre og bestå med studie- eller yrkeskompetanse. Kunnskapane og ferdigheitene dei opparbeider seg, gir fridom og moglegheiter til å skape seg gode liv (Mld.St.21, Fullføringsreformen).

# Vedlegg del 1

Vedlegget inneheld følgande tema:


- Gjennomføringstal
- Hovudresultata dei siste fem åra
- Elevundersøkinga
- Lærlingundersøkinga
- Hovudresultat for første termin skuleåret 2020/21
- Fagopplæringstal: Tal lærlingar, kontraktar, søkjarar som har fått læreplass, tal nye fagbrev
- Tal frå Oppfølginstenesta
- Plan for formidling til læreplass

## Fullført og bestått dei siste fem/seks åra – Vestland

Gjennomføringsindikatoren gir eit overordna bilete av effektiviteten til utdanningssystemet – kor mange som fullfører og består i løpet av ei gitt periode tid. Tal som er brukt i dette delkapittelet er henta frå Skoleporten og viser til elevar som starta i vidaregåande opplæring for første gong skuleåret 2013/14.

Gjennomføringstala frå Udir./SSB er i år endra slik at ein for yrkesfaga ser på gjennomføring

etter 6 år. Tidlegare såg ein på gjennomføring for studieførebuande og yrkesfag gjennom fem år. Sidan yrkesfaga hovudsakeleg har eit år lenger utdanningsløp, er yrkesfaga sitt måletidspunkt flytta til seks år. Dette gir eit meir riktig bilete av forholdet mellom studieførebuande og yrkesfag, og er meir i tråd med korleis gjennomføring blir målt internasjonalt. Sidan målepunktet går tilbake i tid, er det gamle fylkesgrenser som gjeld.



Tala viser at for elevar som begynte på vg1 i 2013, hadde 78,0 % av alle elevar nasjonalt, 77,7 % av elevane frå Hordaland og 83,1 % av elevane frå Sogn og Fjordane fullført og bestått skulegangen med sluttkompetanse. Figuren over viser både gjennomføringstala for ordinære elevar og elevar som går mot planlagt grunnkompetanse (grøn skravering og prosent i kursiv). Elevar som går mot grunnkompetanse vil per definisjon ikkje få fullført og bestått, men

har likevel gjennomført planlagt utdanningsløp. Elevar som ved starten av utdanninga veit at dei vil ha utfordringar med å oppnå full yrkes- eller studiekompetanse, kan gå mot planlagt grunnkompetanse. For ein elev som skal ha tilbod om grunnkompetanse skal det utarbeidast individuell opplæringsplan i tråd med enkeltvedtak om spesialundervisning. På den måten skal eleven

## Hovedresultat dei siste skuleåra

### Fullført og bestått, utdanningsprogram/historikk

	2019-20	2018-19	2017-18	2016-17	2015-16
Bygg- og anleggsteknikk	81,5	80,1	85,5	84,0	79,6
Design og handverk	79,3	66,8	71,0	65,4	71,4
Elektrofag	93,9	92,1	92,3	92,5	91,8
Helse- og oppvekstfag	85,8	82,8	82,2	78,6	77,4
Idrettsfag	92,4	89,7	92,1	89,9	85,6
Kunst, design og arkitektur	85,7	83,5	78,7	86,1	
Medium og kommunikasjon	76,8	72,8	71,9	74,8	
Musikk, dans og drama	91,3	87,7	90,0	88,3	87,9
Naturbruk	91,5	84,8	89,1	81,7	77,9
Påbygg Vg3	80,8	65,5	67,9	64,9	61,2
Påbygg Vg4	77,8	78,9	80,5	78,0	76,5
Restaurant - og matfag	76,2	70,8	72,7	62,7	66,0
